

# Vartdal Veggssystem Neopor®

Det geniale byggjesystemet for grunnmur og vegger

# Vartdal Veggsystem

Det geniale byggjesystemet for grunnmur og vegger




## VARTDAL VEGGSYSTEM

Vartdal Veggsystem er eit genialt system for grunnmur og vegger. Systemet **ISOLERER SVÆRT GODT** og **BIDREG TIL VESENTLEG MINDRE ENERGIBRUK**, utan at dette går ut over styrken. Vartdal Veggsystem har ein slank isolasjon i forhold til u-verdien og ein solid kjerne av armert betong.

## NEOPOR® ER LØYSINGA

Løysinga er Neopor®, som Vartdal Plastindustri AS leverer. Neopor® inneheld små grafittpartiklar som reflekterer varmestråling og gir materialet ei sølvgrå, skinande overflate. Materialet absorberer og reflekterer infraraude strålar. Dette reduserer evna til varmeleiing drastisk. Slik kan isolasjon laga av Neopor® vere **20 PROSENT TYNNARE ENN STANDARD ISOLASJON** av Styropor®. Dette er grunnen til at moderne Neopor® er langt betre enn andre materialar når det gjeld isolasjon.




- Rask og enkel montering
- Ingen kuldebruer
- Tilfredsstillende den nye byggjeføreskrifta
- Ferdige hjørneløysingar
- Innvendig og utvendig kledning kan skruast rett på veggen



## **PLANLEGGING:**


Talet på element i høgda må reknast ut på førehand. Elementa har ei høgde på 600 mm. Om dette ikkje går ut med totalhøgda, kan dette tilpassast med første eller siste skift (omfar). Det kan ofte vere ein fordel å tilpasse utgravinga av tomta til elementa. **Vartdal Veggssystem** skal normalt stå på eit armert betongfundament (**Vartdal Soleblokk**).

# BYGGING




## 1. GRUNNARBEID

Tomta vert graven ut og avretta. Før inn rør for vatn, avløp og elektrisitet. Avrettinga bør liggje innanfor pluss/minus 5 mm.




## 2. SOLEBLOKK

Vartdal Soleblokk vert tilrådd brukt fordi denne er tilpassa elementa. Soleblokka vert armert med to stk 12 mm kamstål.




## 3. BYGGING AV VEGG

Start med å plassere ut hjørneblokkene og bygg frå hjørne til hjørne. Rekn ut høgder og skjær ut for dører og evt. vindauge.




## 4. PLASSER ARMERING I KVART SKIFT

Monter armeringsjern rundt kvar utsparing. Skal leggjast med omskjøt og festast til vertikal armering.



## 5. BYGG I OMSKIFT

Kvart skift vert bygt i same retning som første skift og vert tilpassa inntil same hjørne. Ved tilpassing er det mogeleg at nokre knastar må fjernast for å få elementa til å passe. Skifta skal byggjast i omskift. Snu hjørna på annakvart skift.




## 6. BYGG TIL ØNSKT HØGDE

Legg armering i kvart skift. Om ikkje elementa passar med ønskt høgde, kan siste skiftet tilpassast. Dette vert gjort ved å skjere ned elementa.


## UTSPARINGAR/ VINDAUGE

Inntil vindaug og dører vert det brukt **Vartdal Endeblokk** med utsparing for lekt 36 x 148 og smyglist i botn og topp. Når dette er på plass, vert treramma lagd på. Smyglistene kan festast med festekilar. Botnen må vere laus slik at han kan takast ut ved fylling. Dette for å sikre at det ikkje oppstår luftlommer under vindauga. Botnen vert plassert og karmen avstiva når fyllinga når opp til underkanten av vindauget.



## AVSTIVING/ OPPRETTING

Avstivinga kan gjerast med forskalingsstag i aluminium eller 48 x 98 trevirke. På nedste skiftet skal det leggjast ein horisontal 48 x 98 rundt heile huset både innvendig og utvendig. Plasser deretter vertikal avstiving innvendig og utvendig inntil alle utsparingar, elles med ein avstand på 3 meter.



# PRODUKTOVERSIKT


## VARTDAL BLOKK STANDARD

600x1200x350 mm




## VARTDAL BLOKK 90° HJØRNE

600x900/600x350 mm



## VARTDAL BLOKK 45° HJØRNE

300x300/600x350 mm



## VARTDAL BLOKK TETT

600\*1200\*350 mm



# VARTDAL VEGGSYSTEM


## VARTDAL BLOKK TETT M/UTSPARING

600x1200x350 mm



## SOLEBLOKK

260x1200x470 mm



## FESTEKILE



# Vartdal Veggsystem Neopor®

Det geniale byggesystemet for grunnmur og vegger



[www.vartdalplast.no](http://www.vartdalplast.no)

## **Vartdal Plast**

Adresse: 6170 Vartdal - Tlf: +47 70 04 83 00

Fax: +47 70 04 83 01 - E-post: [haakon@vartdalplast.no](mailto:haakon@vartdalplast.no)

## **BASF**

The Chemical Company